



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 07.02.2018  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 13.45 – kl. 18.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jarle Skeidsvoll	KRF	Ordfører
Mortensen, Alf Terje	FRP	Varaordfører
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Jon Flydal Blichfeldt	MDG	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Johannes Bysheim	AP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Hildegunn Mo	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Annbjørge Bysheim Herland	KRF	Hildegunn Mo

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen og utvalssekretæren. Sakshandsamar møtte i sak 004/18.

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/18	Godkjenning av møtebok
003/18	Referatsaker og meldingar
004/18	3. gongs handsaming - kommunedelplan for sjø og strandsone
005/18	Vedtak mindre endring av kommuneplanen sin arealdel 2011-2023
006/18	Utbyggingsavtale - Reguleringsplan Stuttåsen - Hauge, Plan nr. : 1253 2013005

- 007/18 Valestrand - Søknad om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan for Rundhovde
- 008/18 Framlegg til konkretisering av politisk medverknad i planprosessen
- 009/18 Søknad om kommunalt tilskot og kommunal lånegaranti til etablering av ridehall
- 010/18 Søknad om kommunalt tilskot og kommunal lånegaranti til etablering av delfriidrettsanlegg i Fotlandsvåg
- 011/18 Skjenkekontroll 25.11.2017 - Kjellaren restaurant, Valestrandsfossen
- 012/18 Val av kommunal representant til styret for private skular
- 013/18 13/3 og 13/4 - Avtale om erverv av areal til utviding av Lonevåg skule
- 014/18 Handsaming av klage - Gbnr 105/26 - Avslag på vurdering av areal i sjø og strandsonenplanen
- 

#### **Orientering frå rådmannen:**

I starten av møtet gav rådmannen ei orientering om følgjande saker:

- Status for omstillingsarbeidet i sektoren Helse, omsorg og sosial
  - Status for prosjektet: «nytt Familiens hus» i Lonevåg
  - Svar på spørsmål om trafikksikring på Valestrand
  - Endringar i tilbodet og opningstider til Servicetorget på rådhuset
- 

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til orienteringa.

---

**001/18: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

**07.02.2018 FORMANNSKAPET**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**FS - 001/18 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

**002/18: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 22.11.17 vert godkjend.**

**07.02.2018 FORMANNSKAPET**

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå 22.11.17.

**FS - 002/18 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 22.11.17 vert godkjend.**

---

**003/18: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

**07.02.2018 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## **FS - 003/18 VEDTAK:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

---

### **004/18: 3. gongs handsaming - kommunedelplan for sjø og strandsone**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føresegner (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.
2. Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17.

#### **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke, men med følgjande endring: område for naust, brygge og flytebrygge på Olsnes vert teke inn att i planen. Grunngeving: Kommunen og fylkesmannen med fleire har vore på synfaring og synfart feil område. Bilete i saksframlegg er og frå feil område. Difor er fylkesmannen si motsegn tufta på feil grunnlag."

#### **AVRØYSTING**

##### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg	-	4 røyster (1H,1AP,2KRF)
FRP sitt framlegg	-	3 røyster (3FRP)

## **PL - 017/18 VEDTAK:**

Innstilling til vedtak:

1. Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føresegner (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.
2. Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17.

## 07.02.2018 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar var til stades ved utvalet si handsaming.

-----

Alf Terje Mortensen, FRP, kom med slike framlegg:

1. "Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke, men med følgjande endring: Område for naust, brygge og flytebrygge på Olsnes vert teke inn att i planen. Grunngeving: Kommunen og fylkesmannen med fleire har vore på synfaring og synfart feil område. Bilete i saksframlegg er og frå feil område. Difor er fylkesmannen si motsegn tufta på feil grunnlag."
2. "Grense for funksjonell strandsone i område 44, Hjellvik vert justert i tråd med tidlegare innsendte forslag vist i kart. Grensa må naturleg følge terrenget."
3. "Det vert gjeve løyve til utlegging av flytebrygge med tilhøyrande installasjonar i område 46 på Hjellvik."
4. "Naustområde på Raknes (innom holmen) vert teke inn i planen. Det gjeld område hjå dei fire brødrane Raknes."

Framlegg nr. 2 og nr. 3 vart trekt før avrøysting.

### AVRØYSTING

#### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg med tillegg nr. 1 og nr. 4, som foreslått av FRP:

1 røyst (1FRP)

Rådmannen sitt framlegg:

8 røyster (2KRF, 2AP, 1MDG, 1H, 1SP, 1V)

### FS - 004/18 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

1. **Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føresegner (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.**
2. **Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17.**

---

**005/18: Vedtak mindre endring av kommuneplanen sin arealdel 2011-2023**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune vedtek mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 11-15. Plankart og føresegn vert med dette like i juridisk innhald for kommuneplanen sin arealdel arealplanID 12532010001 og kommunedelplan for sjø- og strandsone arealplanID 12532014007, forutsett at kommunedelplan for sjø og strandsone vert vedteken i same møte.

**07.02.2018 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 005/18 VEDTAK:**

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

1. Osterøy kommune vedtek mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 11-15. Plankart og føresegn vert med dette like i juridisk innhald for kommuneplanen sin arealdel arealplanID 12532010001 og kommunedelplan for sjø- og strandsone arealplanID 12532014007, forutsett at kommunedelplan for sjø og strandsone vert vedteke i same møte.

---

**006/18: Utbyggingsavtale - Reguleringsplan Stuttåsen - Hauge, Plan nr. : 1253 2013005**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**“Utbyggingsavtale for realisering av reguleringsplan for Stuttåsen - Hauge Plan nr. : 1253 2013005, som er undertekna av utbygger Borgeåsen Eigedom AS, org. nr. 912532496, vert lagt ut til høyring.**

**Utlegging til høyring skjer i medhald av plan- og bygningslova § 17-4.”**

## 07.02.2018 FORMANNSKAPET

Berit Moslett Borge, H. bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som utbygger i Borgeåsen Eigedom AS for reguleringsplanen Stuttåsen-Hauge, arealplan-ID: 2013005. Ho tok ikkje del i møtet om avgjerd av gildskap.

### **AVRØYSTING - gildskap**

Berit Moslett Borge, H. vart samrøystes kjent ugild i saka. Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6a: *"En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak når han selv er part i saken."*

- 8 medlemmer/ varamedlemmer til stades

### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 006/18 VEDTAK:**

**"Utbyggingsavtale for realisering av reguleringsplan for Stuttåsen - Hauge Plan nr. : 1253 2013005, som er underteikna av utbygger Borgeåsen Eigedom AS, org. nr. 912532496, vert lagt ut til høyring.**

**Utlekking til høyring skjer i medhald av plan- og bygningslova § 17-4."**

---

## **007/18: Valestrand - Søknad om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan for Rundhovde**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for utbetring av Vågenessvingen med grøftar og fyllingar i samsvar med områdeplan for Valestrand.
2. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels rigg- og anleggsareal i samsvar med områdeplan.
3. Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av erstatning for inngrepet.
4. Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.
5. Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.
6. Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat
7. Vedtak om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadar knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkes av utbygger.

## 24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg vert vedteke under følgjande føresetnad: I samband med utbetring av Vågenessvingen må ny tilkomst til gnr. 135/bnr. 25 og 28 koplast saman med ny avkøyrslveg i Vågenessvingen til gnr. 135/bnr. 97 med fleire slik som vedteke av heradsstyret i områdeplanen. jfr. punkt 2.8 siste ledd. Dette skal vera sikra opparbeidd før vidare punkt kan iverksetjast. Tiltak kan seinast vere ferdigstilt saman med ny avkøyrslveg til gnr. 135/bnr. 97 med fleire."

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.15 - kl. 15.25 slik at rådmannen kunne få avklart nærare med sakshandsamar.

### PRØVERØYSTING

Siren Tyssebotn sitt framlegg - tilrådd med 5 røyster (1H,1H,3FRP) mot 2 røyster (2KRF)

### AVRØYSTING

#### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 2 røyster (2KRF)  
Siren Tyssebotn sitt framlegg - 5 røyster (1H,3FRP,1AP)

### PL - 018/18 VEDTAK:

Utvalet si innstilling til vedtak:

1. **Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for utbetring av Vågenessvingen med grøftar og fyllingar i samsvar med områdeplan for Valestrand.**
2. **Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels rigg- og anleggsareal i samsvar med områdeplan.**
3. **Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av erstatning for inngrepet.**
4. **Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.**
5. **Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.**
6. **Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat**
7. **Vedtak om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadar knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkes av utbygger.**

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke under følgjande føresetnad: I samband med utbetring av Vågenessvingen må ny tilkomst til gnr. 135/bnr. 25 og 28 koplast saman med ny avkøyrslveg i Vågenessvingen til gnr. 135/bnr. 97 med fleire slik som vedteke av heradsstyret i områdeplanen. jfr. punkt 2.8 siste ledd. Dette skal vera sikra opparbeidd før vidare punkt kan iverksetjast. Tiltak kan seinast vere ferdigstilt saman med ny avkøyrslveg til gnr. 135/bnr. 97 med fleire."



## 07.02.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen ga ei orientering om saka, og eit notat datert 06.02.18 vart delt ut i møtet frå rådmannen.

---

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Rådmannen får i oppgåve å snarast kalle inn til dialogmøte med vegeigar (fylkeskommunen), utbyggjar og kommunen for om mogleg finansiering av heile eller delar av prosjektet."

### AVRØYSTING

#### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg med slikt tillegg  
som foreslått av FRP:

1 røyst (1FRP)

Rådmannen sitt framlegg:

8 røyster (2KRF, 2AP, 1MDG, 1H, 1SP, 1V)

### AVRØYSTING

#### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg:

8 røyster (2KRF, 2AP, 1MDG, 1H, 1SP, 1V)

Innstillinga frå plan- og kommunalteknisk utval:

1 røyst (1FRP)

### FS - 007/18 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

1. **Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for utbetring av Vågenessvingen med grøftar og fyllingar i samsvar med områdeplan for Valestrand.**
  2. **Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels rigg- og anleggsareal i samsvar med områdeplan.**
  3. **Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av erstatning for inngrepet.**
  4. **Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.**
  5. **Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.**
  6. **Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat**
  7. **Vedtaket om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadar knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkes av utbyggjar.**
-



## **07.02.2018 FORMANNSKAPET**

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg:

"Formannskapet vedtek følgjande medlemmer til en politiske arbeidsgruppa:

Turid B. Njåstad (SP), Johannes Bysheim (AP) og Alf Terje Mortensen (FRP)."

Berit Moslett Borge, H, gjorde slikt framlegg:

"Formannskapet vedtek følgjande medlemmer til en politiske arbeidsgruppa:

Silje Midtbø Vevle (MDG), Johannes Bysheim (SP) og Alf Terje Mortensen (FRP)."

-----  
Det vart halde pause i drøftingane med gruppemøte for KRF frå kl. 17.20 - kl.17.21.  
-----

### **AVRØYSTING**

#### **Alternativ avrøysting**

Johannes Bysheim sitt framlegg: 4 røyster (1FRP, 2AP, 1SP)

Berit M. Borge sitt framlegg: 5 røyster (2KRF, 1H, 1V, 1MDG)

### **FS - 008/18 VEDTAK:**

**Formannskapet vedtek følgjande medlemmer til den politiske arbeidsgruppa:**

**Silje Midtbø Vevle (MDG)**

**Johannes Bysheim (AP)**

**Alf Terje Mortensen (FRP)**

**Formannskapet vedtek endringar i planprogrammet med nytt punkt i 4.1 Organisering, og endra framdriftsplan, punkt 4.3.**

#### **4.1: Politisk arbeidsgruppe**

Formannskapet peikar ut 3 medlemmer frå Heradsstyret til den politiske arbeidsgruppa for områderegulering Lonevåg. Den politiske arbeidsgruppa skal ha god kjennskap til framdrift og utfordringar undervegs i planprosessen, gje råd til arbeidet, og vere bindeledd mellom rådmannen og styringsgruppa.

### 4.3: Framdriftsplan

OMRÅDEPLAN LONEVÅG	2017	2018				2019			
	4 KVARTAL	1 KVARTAL	2 KVARTAL	3 KVARTAL	4 KVARTAL	1 KVARTAL	2 KVARTAL	3 KVARTAL	4 KVARTAL
Oppstart, høring og offentlig ettersyn av planprogram	x								
Vedtak av planprogram			X						
Medverknad eksternt		x							
Utarbeiding av planforslaget			X	x	x	x	x		
Politisk arbeidsgruppe			X		x	x	x		
Involvering av styringsgruppa				x			x		
1.gongs handsaming av planforslag								x	
Høring og offentlig ettersyn								x	x

---

#### 009/18: Søknad om kommunalt tilskot og kommunal lånegaranti til etablering av ridehall

##### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune avslår søknad om løyve på kommunalt tilskot på kr 750 000,- til Osterøy Fjordhestlag. Osterøy kommune avslår søknad om å stille med bankgaranti for lånefinansiering på

kr 4 650 000,-. Vurderingane er gjort bakgrunn av plassering av tiltaket, og risiko ved mangelfull finansierings- og driftsplan opp mot kommunens økonomiske situasjon.»

#### 07.02.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen orienterte om saksgangen og om kommunikasjonen mellom søker og administrasjonen.

---

Formannskapet gjorde slikt framlegg:

"Saka vert utsett. Rådmannen får i oppgåve å gå i dialog med søker med formål om at ridehallen kan bli realisert. "

## **AVRØTSTING**

### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg: ingen røyster

Formannskapet sitt framlegg: 9 røyster (1FRP, 2KRF, 2AP, 1MDG, 1H, 1SP, 1V)

### **FS - 009/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett. Rådmannen får i oppgåve å gå i dialog med søker med formål om at ridehallen kan bli realisert."

---

### **010/18: Søknad om kommunalt tilskot og kommunal lånegaranti til etablering av delfriidrettsanlegg i Fotlandsvåg**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune stiller garanti (simpler kausjon) for lån til på kr 3 300 000,- til bygging av delfriidrettsanlegg i Fotlandsvåg. Garantiperiode: inntil lånet er innløyst, seinast 31.12.2024. Fotlandsvåg IL skal kvart år innan 31. januar sende inn oversikt over restlån med nedbetalingsplan pr. 31.12. til Osterøy kommune.

Osterøy kommune inngår eit samarbeid med Fotlandsvåg IL om å etablere delfriidrettsanlegg på kommunal grunn på Fotlandsvåg idrettsplass ved å gje kommunalt tilskot på 400 000 kr over investeringsbudsjettet for idrett og friluftsliv. Vilkår for tilskotet er at anlegget får godkjent spelemiddelsøknad.»

### **07.02.2018 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 010/18 VEDTAK:**

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

«Osterøy kommune stiller garanti (simpler kausjon) for lån til på kr 3 300 000,- til bygging av delfriidrettsanlegg i Fotlandsvåg. Garantiperiode: inntil lånet er innløyst, seinast 31.12.2024.

Fotlandsvåg IL skal kvart år innan 31. januar sende inn oversikt over restlån med nedbetalingsplan pr. 31.12. til Osterøy kommune.

Osterøy kommune inngår eit samarbeid med Fotlandsvåg IL om å etablere delfriidrettsanlegg på kommunal grunn på Fotlandsvåg idrettsplass ved å gje kommunalt tilskot på 400 000 kr over investeringsbudsjettet for idrett og friluftsliv. Vilkår for tilskotet er at anlegget får godkjent spelemiddelsøknad.»

---

#### **011/18: Skjenkekontroll 25.11.2017 - Kjellaren restaurant, Valestrandsfossen**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kjellaren restaurant, org.nr. vert i medhald av alkoholforskrifta § 10-3, jfr. same forskrift § 10-2, tildelt seks prikkar for overtreding av alkoholforskrifta §§ 4-1 og 4-2.

Grunngjeving for prikktildeling: I samband med skjenkekontrollen 25.11.17 er det dokumentert at

«person åpenbart påvirket av rusmidler» var til stades i lokalet utan å bli bortvist og dette gir tildeling av to prikkar. Vidare er det påvist at same person fekk kjøpt alkohol frå ein annan gjest, og dette er brot på forskrifta § 4-2 og gir tildeling av fire prikkar.

#### **07.02.2018 FORMANNSKAPET**

##### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

##### **FS - 011/18 VEDTAK:**

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

«Kjellaren restaurant, org.nr. vert i medhald av alkoholforskrifta § 10-3, jfr. same forskrift § 10-2, tildelt seks prikkar for overtreding av alkoholforskrifta §§ 4-1 og 4-2.

Grunngjeving for prikktildeling: I samband med skjenkekontrollen 25.11.17 er det dokumentert at

«person åpenbart påvirket av rusmidler» var til stades i lokalet utan å bli bortvist og dette gir tildeling av to prikkar. Vidare er det påvist at same person fekk kjøpt alkohol frå ein annan gjest, og dette er brot på forskrifta § 4-2 og gir tildeling av fire prikkar.

---

## 012/18: Val av kommunal representant til styret for private skular

### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert oppnemnd politiske representantar til styra for privatskulane i kommunen, jfr. friskulelova § 5-1.

Det vert oppnemnd følgjande representantar med vara til styret for

Hjellvik montessoriskule:

Hosanger montessoriskule:

Hamre grendaskule:

Danielsen Ungdomsskule:

## 07.02.2018 FORMANNSKAPET

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg:

"Rådmannen får i oppdrag å peika ut representantar frå administrasjon til å møta i dei ulike skulestyra. Ein ser det som viktig at kommunen har representantar i styremøta, slik at ein er kjend med utviklinga i skulane, og at ein sikrar ein god dialog mellom kommunen og skulane."

### AVRØYSTING

#### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg: ingen røyster

Johannes Bysheim sitt framlegg: 9 røyster (1FRP, 2KRF, 2AP, 1MDG, 1H, 1SP, 1V)

### FS - 012/18 VEDTAK:

"Rådmannen får i oppdrag å peika ut representantar frå administrasjon til å møta i dei ulike skulestyra. Ein ser det som viktig at kommunen har representantar i styremøta, slik at ein er kjend med utviklinga i skulane, og at ein sikrar ein god dialog mellom kommunen og skulane."

---

## **013/18: 13/3 og 13/4 - Avtale om erverv av areal til utviding av Lonevåg skule**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Formannskapet gir mynde til Rådmannen om å inngå avtale om kjøp av areal til kr. 1 149 000 pluss omkostninger til frådelling og avgifter.»

**07.02.2018 FORMANNSKAPET**

### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 013/18 VEDTAK:**

«Formannskapet gir mynde til Rådmannen om å inngå avtale om kjøp av areal til kr. 1 149 000 pluss omkostninger til frådelling og avgifter.»

---

## **014/18: Handsaming av klage - Gbnr 105/26 - Avslag på vurdering av areal i sjø og strandoneplanen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Klage på vedtak som gjeld avslag om å ta inn innspel til arealendring på gbnr 105/26 i kommunedelplan for sjø og strandone vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert oversendt fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming, jf. Forvaltningslova § 28.

**07.02.2018 FORMANNSKAPET**

### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 014/18 VEDTAK:**

Klage på vedtak som gjeld avslag om å ta inn innspel til arealendring på gbnr 105/26 i kommunedelplan for sjø og strandone vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert oversendt fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming, jf. Forvaltningslova § 28.



---

Til å skrive under møteprotokollen saman med ordføraren vart desse valde: Johannes Haugland og Kjersti I. Vevatne.

Lonevåg, 08.02.18

Marie Koksvik Thorsen

utvalssekretær

---

Jarle Skeidsvoll

ordfører

---

Johannes Haugland

---

Kjersti I. Vevatne